



Jnr. 1189.14  
GJG/rr

Hordaland fylkeskommune  
Planseksjonen  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND - UTTALE

Framlegg til Regional plan for attraktive senter i Hordaland er ein svært omfattande plan, som tek føre seg mange av dei problemstillingar kommunane står overfor når det gjeld handel og planlegging/lokalisering av bustader, arbeidsplassar, næringsverksemd, tenestefunksjonar og fritidstilbod. Forslaget er utforma slik at det kan brukast ved så vel planlegging av fylkessenteret Bergen så vel som for regionsentera, kommunesentera og mindre lokal-/nærservera.

Forslaget framstår som ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland og er lett for kommunane å ta til seg og å bruke. Det er sett fram retningslinjer for korleis kommunane skal/bør forvalte og utvikle sentrum samtidig som det går klart fram av planforslaget at det er kommunane som har ansvaret for planlegginga og forvaltninga av areala.

Det er ikkje for mange restriksjonar som i framtida kan medføre unødvendige konflikhtar mellom kommunalt sjølvstyre og regionale intensjonar. Samtidig vil planen vera med på å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging og tilrettelegging for meir attraktive sentrum. Planen legg opp til at distriktkommunane fortsett kan leggja til rette for utvikling i kommunesentera så vel som å sikre eit desentralisert butikktilbod for daglegvarer/nærhandel i distrikta. Dette er ei viktig avklaring for kommunane, då planen ikkje må føra til auka sentralisering.

### Sunnhordland

Kriteria for å definera regionsenter er fastsett i planen og for Sunnhordland inneber dette at Husnes vert definert som regionsenter. Samarbeidsrådet støttar opp om dette, men presiserer at Leirvik er regionsenter for Sunnhordland, og at Husnes vert regionsenter for Kvinnherad. Samarbeidsrådet ser at det kan koma ein del utfordringar når det kjem til kanalisering av midlar for utvikling av regionsentera. Då er det viktig at dei to regionsentera i Sunnhordland ikkje vert sett opp i mot kvarandre, men får utvikla seg i tråd med sin eigenart og sine føresetnader.

Regional transportplan seier noko om at det skal vera gode samband mellom regionsentera i fylket. Difor må utbetring av sambandet mellom regionsentera Husnes og Leirvik ha høg prioritet i dette planarbeidet.

Området mellom Boknafjorden og Bjørnefjorden utgjer i større og større grad en naturleg eining. Nord-Rogaland og Sunnhordland har viktig felles statleg infrastruktur som Høgskulen

Stord/Haugesund, Helse Fonna og Haugaland og Sunnhordland Politidistrikt. For denne regionen har det vore svært positivt å ha slike institusjonar som dekker ein naturleg geografisk region på tvers av formelle fylkesgrenser. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil difor be Hordaland fylkeskommune om å støtta opp om fortsatt integrering mellom Nord-Rogaland og Sunnhordland, slik at fylkesgrensa vert minst mogeleg til hinder for å finna fornuftige løysingar for samfunnsutviklinga.

#### **Grensekommunane**

Framlegg til plan kan koma i konflikt med dei føresegner og retningsliner for handelsetableringar som kjem i samband med utforming av *Regional plan for Areal og Transport på Haugalandet* som Rogaland fylkeskommune no utarbeidar. Då Etne kommune og Sveio kommune er omfatta av begge desse regionale planarbeida som delvis tek føre seg senterstruktur og som begge vil ha juridisk bindande føresegner for handel, ber vi om at Hordaland fylkeskommune tek aktiv rolle for å sikra at det vert samsvar mellom planane. Dette gjeld i første hand dei regionale planføresegnene for etablering og utviding av handelsetablering med tilhøyrande retningsliner, og at desse samsvarar med kvarandre og ikkje innsnevra det kommunale sjølvstyret sett opp mot det planforslag Hordaland fylkeskommune no har utarbeida.

#### **Handlingsprogram**

##### **Tiltak 1.1 Samspel mellom regionsenter og omland**

I dette tiltaket skal det gjerast ein analyse mellom regionsenter og omland. Planlagt oppstart 2017.

Sunnhordland med Stord kommune som A eigar er med i fase 1 i Byregionprogrammet i regi av Kommunal og Moderniseringsdepartementet. I Regional næringsplan for Hordaland er eit av tiltaka at det skal arbeidast for å få kommunar med i dette programmet.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at det vil vera ein styrke for alle desse tre tiltaka om desse vert sett i samanheng og at "Byen og regionsenteret Stord- lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland?" vert pilot, med oppstart tidleg i 2015, då Byregionprogrammet går inn i fase 2.

Det kan i tilknytning til dette prosjektet også gjerast eit arbeid i Leirvik sentrum i høve til tiltak 2.2 – med ein pilot i eit BIS-prosjekt (Business improvement Districts).

Handlingsprogrammet har mange ulike tiltak og Samarbeidsrådet støttar opp om desse. Skal ein lukkast i gjennomføringa er ein avhengig av brei involvering, og at ein del av tiltaka bør gjennomførast i fleire område.

Dette er og avgjerande for å nå planen sitt hovudmål: Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylke.

Sunnhordland, 15 september 2014

Kjetil Hestad (s)  
styreleiar

  
Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar